



Jobbnorge-ID: 131198

Søknadsfrist: Avsluttet

Nettside:

Omfang:

Varighet:

Postdoktor i bioinformatikk

Ved Institutt for biologi er det ledig ei stilling som postdoktor i bioinformatikk. Stillinga er for ein periode på 4 år, knytt til forskingsgruppa Marin biodiversitet.

Om prosjektet/arbeidsoppgåver

Forskningsgruppa [Marin biodiversitet](#) på UiB fokuserer på taksonomi, systematikk og biogeografi på marine evertebratar og algar både i grunt- og djupvasshabitat i den Boreo-Arktiske regionen, ved hjelp av metodar frå klassisk taksonomi til neste-generasjons sekvenseringsteknologi.

Forskninga er knytt til det Bergens-leidde EU-finansierte prosjektet "Deep-sea sponge grounds ecosystems of the North Atlantic: an integrated approach towards their preservation and sustainable exploitation - SponGES", eit samarbeidsprosjekt mellom 20 institusjonar frå Europa, Canada og USA.

Det overgripande målet med forskingsprosjektet er å utvikle ei integrert, økosystembasert tilnærming til bevaring og bærekraftig utnytting av djuphavs svampekøkosystem i Nord-Atlanteren, og det krev ei djupare forståing for artsrikdom, evolusjon og konnektivitetsmønster.

Fylogenetiske studiar og populasjonsstudiar på svampar har i hovudsak vore utført på artar på grunt vatn, og har vore relativt avgrensa av typen og talet markørar brukt. I SponGES vil vi bruke ei genombasert tilnærming for å undersøkje fylogenetiske samanhengar, biogeografiske mønster og genetisk rikdom, struktur og konnektivitet for fleire svampebotn-dannande djuphavsartar på ulike geografiske nivå. Analysar av metagenom og metatranskriptom vil og verte nytta for å studera samansetjing og funksjon hos mikrobielle samfunn assosiert med svampar.

Kandidaten vil vere basert ved Universitetet i Bergen, men kjem til å samarbeide med forskarar frå dei andre institusjonane i SponGES.

Arbeidsoppgåvene inkluderer

- å assistere ved datainnsamling og prøvetakingsdesign
- utvikling av pipelines for dataanalyse
- analyse av genomiske og transkriptomiske datasett
- opplæring og medrettleiing av master og doktorgradsstudentar
- publisering i internasjonalt anerkjente tidsskrifter

Kvalifikasjonar og eigenskapar

- Søkjarar må ha oppnådd doktorgrad i biologi eller bioinformatikk, eller ha levert doktoravhandlinga si til vurdering innan søknadsfristen er ute. Det er ein føresetnad at doktorgraden er oppnådd før tilsetjing kan skje.
- Søkjarar må ha ein sterk bakgrunn i fylogenomikk eller populasjonsgenomikk.
- Erfaring med å utvikle og analysere genomiske/transkriptomiske datasett (t.d. GBS, RADseq, RNAseq) frå ikkje-modellorganismar, erfaring med å jobbe i eit Linux/Unix-miljø og kompetanse med scriptspråk som Python/Perl.
- Søkjarar må kunne arbeide sjølvstendig og strukturert, og kunne samarbeide med andre.
- Gode ferdigheiter i skriftlig og munnleg engelsk.

Om stillinga

Postdoktorstillinga er ei åremålsstilling og har som hovudmål å kvalifisere den som blir tilsett for arbeid i faglege toppstillingar. Åremålsperioden for denne stillinga er 4 år, og 25 % av samla tilsetjingstid er pliktarbeid i samband med forskning, undervisning eller formidling av forskingsresultat. Ingen kan tilsetjast i meir enn ein åremålsperiode som postdoktor ved same institusjon.

Søkjarar skal ved tilsetjing kome med framlegg til plan for kvalifiseringsarbeidet. Framlegget utarbeidas i samarbeid med prosjektleiar/leiar og skal også innehalde ein framdriftsplan. Det er ein føresetnad at den som blir tilsett gjennomfører prosjektet i løpet av tilsetjingsperioden.

Vi kan tilby

- eit godt og profesjonelt utfordrande arbeidsmiljø
- lønn etter lønnssteg 57 (kode 1352) ved tilsetjing. Vidare opprykk skjer etter tenesteansiennitet i stillinga
- medlemskap i Statens pensjonskasse
- stilling i ei inkluderande arbeidslivsverksemd (IA-verksemd)
- gode velferdsordningar

Søknaden skal innehalde

- ei kort utgreiing om søkjaren sine forskingsinteresser og motivasjonen for å søkje stillinga
- namn og kontaktopplysningar til to referansar. Ein av desse kan vere hovudrettleiaren frå doktorgradsutdanninga
- CV
- karakterutskrifter og vitnemål. Søklarar som ikkje har disputert, må leggje ved ei stadfesting på at doktorgradsavhandlinga er levert.
- relevante attestar
- liste over vitenskaplege arbeid (publikasjonsliste)
- eventuelle publikasjonar

Søknaden og vedlegg, med sertifisert omsetjing til engelsk eller skandinavisk om originalvitnemålet og karakterutskriftene ikkje er på eit av desse språka, må lastast opp til Jobbnorge.

Søknadsfrist: 14. desember 2016

Generell informasjon:

Detaljert informasjon om stillinga kan fåast ved å kontakte professor Hans Tore Rapp Hans.Rapp@uib.no, eller postdoktor Joana R. Xavier, Joana.Xavier@uib.no

Den statlege arbeidsstyrken skal i størst mogleg grad spegle mangfaldet i befolkninga. Det er difor eit personalpolitisk mål å få ei balansert alders- og kjønssamansetjing og å rekruttere personar med innvandrarakgrunn. Personar med innvandrarakgrunn og personar med nedsett funksjonsevne vert oppmoda til å søkje stillinga.

Universitetet i Bergen nyttar meirinnsyn ved tilsetjing i vitenskaplege stillingar.

Opplysningar om søkjaren kan bli gjort offentlege sjølv om søkjaren har oppmoda om ikkje å bli ført på søkjarlista. Dersom oppmodinga ikkje blir teke til følge, skal søkjaren varslast om dette.

Den som blir tilsett, må rette seg etter dei retningslinene som til ei kvar tid gjeld for stillinga.

Tilleggsinformasjon

Arbeidssted: